Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Gamall Engkultur. Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Fusa

Emne: Bygdelag: Fusa – Forbygda

Oppskr. av: Hans Chr. Ekeberg Gard: Fusa

(adresse): Fusa G.nr. 31 Br.nr. 1 og 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eng og utslåtter vart nytta. Ordet ikre, eller ikra som me segjer her, var og er enda mykje nytta. Ikra kallar ein eit bø- eller engstykkje som aldri har vore brukt som åker, men som er attlagd til eng. Ei ikra kan vera grodd att" av seg sjølv (utan isådd frø) og det kan med isådd frø (grasfrø). —
Tjukkeng kallar me ~~all eng i bygda~~ all eng her i bygda som er gjødsla. Me segjer sålis t. d.: "No er me ferdige med tjukkenga". — det vil segja: No er me ferdige med slåtten på den gjødsla bøen (enga). Småhøy kallar ein det høy, som det er slege på eng som ikkje er gjødsla. Ein talar stundom om "skraphøy" og. Det er høy frå "skrinne" rabbar og til dels utslåtter

2. Rydjing vart her i bygdene gjort vart utført om våren, helst etter vårvinna. Ein har ~~xxx~~ vanleg riva og raka

2726

saman laur og kvist. Dungane som
ein såleis raka saman kalla ein
for "Rjsledunge" ella "Rjsledjugja".
Sjølve arbeidet kalla ein å rysja.
Rjsledungane brende ein tel dels
opp, men dei vart og ofte heimkjørde,
sørleg dei som var lite kvist men
mykje laur i. Det vart nytta til
"underbu" "underbreidsla" - strø - under
"sau, gris, "kalvar o.l. - "Nybbesteinar"
som stakk opp og som var "i vegen"
for ljåen tok ein bort. -

3. Mosevaksen eng har eg ikkje høyrt
ein hadde noko sers råd med, når
eg undanteke, at dei gamle freista
åka var sers gjerne å ta vekk mose
mark. - Eg kjenner ikkje til, at
ein gjorde noko sers for å fremja gras-
veksten, men at ein tidleg brukte å
så grasfrø, som ein tok i fôret, og
så i gamle åkrar, har i gamle
dagar vore brukt her.

4. Ikkje ein minste attgroda
open grøfter syner klårt at ein har
prøvt å leide vatn vekk frå åker
og eng. Vatning har ikkje ~~[illegible]~~ vore brukt
her i bygdene.

5. Utslåttar her, såvidt eg veit, aldri
dei vore gjødsla med vintergjødsel
her i bygdene, men derimot
har enga vore gjødsla, sosant
ein hadde noko att, når
åkeren hadde fått det den
skulle (Her i bygdene var i
gamle dagar etter måten

2726

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mykje åker. Åkeren måtte fyrst
og framst få gjødsel, var det så
noko att, fekk enga gjødsel
så langt det (rakk) Slik gjødslingsmåte var brukt på gamalt
av. Kor stor part av vintergjødsla
som vart nytta til enggjødsling
er svært vanskeleg å segja. Det
kunde og ~~[illegible]~~ vera noko skilnad i så måte på dei ymse
bruk. Men eg trur ein kan
segja at ein 1/6–1/8 av gjødsla
jamt over vart nytta på
eng. Sauemøk vart fyrst og
framst nytta på eng. Engstykkja vart jamt over sterkt gjødsla,
utan at eg kan segja, kor mange
lass ein rekna pr. dek. – Det var
visst og som regel brukt å rekna ei viss mengd med lass for
kvart „bøstykkje" som me segjer
her i „bygda.

6. Eg kan ikkje minnast men har
høyrt umtala, at ein hadde sers
namn for eng som vart gjødsla
med vintergjødsel. Eg har
høyrt at gamle folk talar om
„føbøde" og „føhøy".

7. „Til det som" her vert spurt om,
kan eg ikkje med visse segja noko.
Eg har set, at ein på gamle sjø
tok små greftar for å spreda
„siget" godt utover.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2726

8. I gamle dagar var det såvidt eg veit berre om våren ein gjødsla böen (enga), og ein nytta dei same reidskapane som ved åkergjødsling. Ein kjörde husdyrgjødsla tidleg, helst gjerne så tidleg at ein fekk nytta snöföre og då bruka ein sle, möksle eller mökslede som ein sa her i bygdene. Ein brukte tidels sle om det ikkje var snöföre. Spreiinga gjekk som regel for seg med greip – i eldre tid tre-greip. Var det saumemök som skulde spreiast, brukte ein det me her kallar for hakke og krog. Med hakka slo ein godt små saumemökklumpane og grov möka opp i kroget og heiv den utover böen (enga) så jamt ein kunde. Det skulde eit sers lag til, med dette arbeidet, – det var ikkje alle som var like dugande til dette arbeidet. Smuldringa av gjödsla gjekk for seg med ei vanleg riva, – dette arbeidet kalla ein å "mölda mök". Me kan vel stört sett segja, at her er ein tjuge-femog-tjuge år sidan ein gjekk over til meir moderne reidskapar og arbeidsmåtar.

9. Det har vore nokso brukt, og er enda i bruk å ta husdyra

2726

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

beita eng og utslåttar, men eg trur ikkje det har vore gjort med tanke på gjødling og eg har heller ikkje høyrt at nokon i eldre tider gjorde nokon skilnad på bø=stykkji" (engstykke) i så måte

10. Det er stort umskifte på dette dei siste mannsaldrane. Eng-beiting av storfe er no lite og inkje brukt og dette skiftet gjekk for seg for umlag 15-20 år sidan. –

11. Dette som her vert nemnt kjenner eg ikkje til har vore brukt her i bygdene.

12. Dei fleste bruk har hatt og har endå sumarfjøs. (Her i bygdene kallar ein det elles "Sjenflor") Desse sumar-fjøsa "eller sjenflorane" vart som regel bygde ganske nær innteil bøgjerdet. Som sta-der er sjenflorane bygde så=leis, at dei er innbygde i sjølve bøgjardet, og gjødsla som fell i sjenfloren vert "måka" ut" slik at det kjem på innmarka. (Sjå riss nedanfor)

bøgjerde=



Gjødsla frå sjen-floren vert spreidd utover på nærmaste bøen om våren. Gjødsl-ing av utslåttar har ikkje vore brukt her.

"Sjenflorane" vert bruk

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2726

nytta otte til fyrstan dagar
med det same dei løyste ut om
våren, og så kanskje i serleg
stygt ver seinare på sumaren
og hausten.

13. Ato stengja krøtera inne i
sine innleggingar um natta
sia fer dei gjekk på beite, veit
eg ikkje om har vore nytta her
i desse bygdene.

14. Eg kan visa til kva som
er nemnt under pkt. 13 og
bruk av kvia eller kvier
er ukjendt her. Har dette
vore brukt her i bygdene, er
det i minsto så lenge sidan,
at alt er gått heilt i gløymsle.

15-16 og 17. Sjå kva som er sagt i
13 og 14.

18. Eg har høyrt gamle folk
umtala sine sæterfjøs som
stod ute i utmarka eller
einstad på heimeboen i
ein utkant av bruket, og
sume staden synes enda
tuftene etter slike hus,
men det var ikkje hus som
stod på hjul.

19. Eg kan ikkje med vissa
segja noko om dette.

20. Stølsbruka er slutt med
for lenge sidan her i bygde-
ne, [illegible]. Det var for
fangvinst, etter at ein for

2726

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

omlag 50 år sidan tok tei med
moldi. Lite forskjellsgap gjorde
og sett

21. For dei gardsbruk som låg
nær til eller hadde strand-
lina, der tang og gammalt
ålegras vart kasta opp i
fjöra, bruka einskil
gardbrukarar å nytta dette
anten som beinvegis gjödsel,
eller helst som blanding.
Sörleg var dette brukt for
ålegras som rötnar fort og
gav god, laus jord. (No finst
her ikkje ålegras lenger. Kva
grunnen kan no vera). Elles
er å merkja at slik bland-
ingsgjödsel (husdyrgjödsel og
ålegras) vart nytta mest til
åker enn eng.

<u>Sluttmerknader:</u> Det er godt
truleg at dei i byggdene her
uppå nytta andre metodar
ådkan. Den gamle meg[?]kul-
turen enn som er nemnt og
svara på her. Men i så fall
er det derverre for lenge sidan
gått i glöymse.

Januar 1949.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING